



Alver Kommune v/miljø og tilsyn  
Tone Furustøl  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/6776 - 23/70796

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
11.09.2023

## Uttale - GBNR 488/64 Sæbø ytre - dispensasjon og utslepp

Viser til mottatte brev datert 06.09.2023 med førespurnad om utgreiing kring tilhøva knytt til felles avløpsanlegg for Sæbøtunet.

Det er bedt om følgjande utgreiing:

1. Kapasitet på fellesanlegg i området, kor mange som er påkopa og om anlegget kan knytte til seg fleire, herunder klagar.
  - Fellesanlegg for Sæbøtunet er eit avløpsreinseanlegg av type NUDISC K-975 levert av Tison-Titlestad AS. Anlegget var dimensjonert for 40 bueiningar totalt 130 PE . Anlegget vart sett i drift i 2008. Dette er eit privat anlegg eigd av Sæbøtunet Sameige.  
Ved gjennomgang av kart/arkiv legg kommunen til grunn at det er tilknytt 34 bueiningar til dette anlegget.  
  
Når dette anlegget vart prosjekter i 2008 vart det lagt til grunn 3,5 PE pr. bueining, dette gjev eit resultat på 119 PE.  
  
Ved prosjektering etter dagens krav skal det reknast 5 PE pr. bueining. 34 bueiningar x 5 PE gjev eit resultat på 170 PE.  
  
Det er vår vurdering at belastninga av reinseanlegget er høg og vi vil ikkje tilrå at eigedom gbnr. 488/64 vert knytt til dette anlegget.
2. Korleis resipient forholda (elva) er i området sett i lys av gjeve førehandsuttale frå Miljø og tilsyn den 31.03.2023.
  - Resipienten her er elv/bekk med heilårsvassføring til sjø i Sæbøvågen. Resipienten har god vassføring og vil vere den same uansett for tilknytting til fellesanlegg eller ved etablering av separat reinseanlegg for gbnr. 488/64. Det er vår vurdering at påslepp frå eit reinseanlegg med 5 PE kapasitet ikkje vil påverke resipienten i negativ grad.

Avdeling for miljø og tilsyn har i sak 22/8769, datert 31.02.2023 gjeve førehandsutale for at minireinseanlegg er ei løysing som kan godkjennast for denne eigedomen.

Det er ikkje kome fram nye moment i saka som endrar vår uttale. Vi tilrår at eigedom gbnr. 488/34 får etablera eige minireinseanlegg med utslepp til heilårsresipient.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver Kommune v/miljø og tilsyn

Postboks 4

5906

FREKHAUG